

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Medlemmane i samarbeidsrådet
Dato: 01.06.2021
Saksbehandlar: SSe
Saken gjeld: Oppnemning av nye representantar til Medisinsk fagleg utval
Saksnummer: 28/21

Bakgrunn

Viser til vedlagte mandat for Medisinsk fagleg utval (MFU) (Vedlegg 1.). Trond Egil Hansen, medisinsk fagsjef i Bergen kommune, har vært leiar av MFU de siste 2 åra og takkar no av som leiar av utvalet. Jf. mandatet skal leiarfunksjonen gå på omgang mellom kommune og spesialisthelsetenesta. Rune Bjørneklett, assisterande klinikkdirektør ved Mottaksklinikken i Helse Bergen, er ny leiar av MFU. Første møte i utvalet med ny leiar vert medio juni.

Mandatet seier vidare følgjande om representasjon i utvalet: «det må sikrast at organet har ei solid forankring både i kommunane og sjukehusa, og at det er medisinsk faglig kompetanse med god fagleg breidde. Representasjonen er knytt til funksjon, og ein deltek i utgangspunktet for to år av gongen. Det skal vera vara representasjon.»

SSe har etter avtale med administrativt kontaktmøte teke kontakt med kommunane i utvalsområda og sjukehusa om å ta stilling til eigen representasjon i utvalet, og ev. oppnemne nye representantar og vararepresentantar etter behov.

Under følgjer ei oppdatert oversikt over innmelde representantar per. 19.05.2021:

Samansetting av utvalet jf. mandat	Dagens representantar	Vararepresentantar
Bergen kommune 2	- Trond Egil Hansen -	-
Nordhordland 1	-	-
Voss 1	- Unni Solem (Ulvik)	- Robert Hesslevik (Voss)
Bergensregionen 1	- Kristin Cotta Schønberg (Askøy)	-
Haraldsplass 1	- Paal Naalsund	- Charlotte Bye
Helse Bergen 4	- Rune Bjørneklett (leiar) - Leif Erik Rønneberg Hauge - Hege Framnes - Kristin Sæle	- Marianne Reimers - Hege Tønnesen

Forslag til vedtak

Samarbeidsrådet tek saka til orientering.